

**Meland kommune**Postboks 79  
5906 Frekhaug

att.: Ordfører og Varaordfører

**SALAR BRUK AS – INNTAKSLEDNING FOR PRODUKSJONSVATN - MERKNAD TIL BREV**

Vi har på Meland kommune si postliste funne eit brev frå Salar Bruk AS datert 10.07.2009 til Meland kommune, underteikna av advokat Agnar E. Sundbotten.

Det er påfallande at Salar Bruk AS sine framstøyt no, etter at dette har blitt ei klagesak, har eit heilt anna standpunkt enn då det var viktig for smoltanlegget å få legge ned denne leidningen. I forkant av gitt konsesjon var det nemlig ikkje grenser for kor enkelt alt kunne ordnast og kor fint alt skulle bli. **Salar Bruk AS skreiv i brev 03.05.05 til NVE følgende: "Det vises ellers til en uttrykkelig forutsetning om at den omsøkte inntaksledningen skal graves ned i elveløpet slik at den ikke blir synlig"** Dette brevet var også underteikna av advokat Agnar E. Sundbotten, som den gang var smoltanlegget sin styreformann.

Det er oppsiktsvekkande at Salar Bruk AS tidligare har presisert at leidningen skal ligge på den måte som dei no hevder må vere ei feiltolking av konsesjonsvilkåra. Dei hevda det på fleire møter og det vart presisert i brev. Deira eigne arbeidsteikningar frå 2003, viser at leidningen skal ligge under elvebotnen og vera heilt tildekkja. På bakgrunn av dette var vi positiv til dei tiltaka som skulle utførast i elva. No i etterkant har vi liten tillit til smoltanlegget og det offentlige som skal føre kontroll med arbeidet. **Det kan ikkje vere slik at nokon kan utføre arbeidet som det passer dei for så å få løyve i etterkant.**

**SALAR BRUK AS HEVDAR:** "NVE som er ansvarlig faginstans i saker under Vassressurslova har ved tre forskjellige anledninger erklært at inntaksledningen må sies å være lagt ned i samsvar med konsesjonsvilkårene frå 2001"

**ENDELEG AVGJERD ER IKKJE FERDIGBEHANDLA:** Vi har bede OED (Olje- og energi direktoratet) om å overprøve NVE si avgjerd fordi vi meiner at NVE her har handla i strid med sitt løyve til regulering og uttak av vatn i Rylandsvassdraget av 2001 (konsesjon). I denne konsesjonen står det på side 19 i vilkår 8 "leidningen skal sprengast/gravast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg" Vårt syn blir støtta av OED då dei skriv: "Departementet finn at vilkåret om nedgraving av vassleidningen er satt for å, sikre at røret ikkje vert synleg. Det er mogleg at føremålet med nedgravinga i nokon grad kunne ivaretakast ved ei nedsenking av vassleidningen. Med bakgrunn i den klare føresetnaden i vilkåra om at leidningen skal sprengast/gravast ned i elveløpet, finn departementet likevel ikkje å kunne tolke løyvet slik at ei nedsenking under vatn oppfyller vilkåra i løyvet på dette punktet.". Klagen er enno under handsaming.

Vi vil og referere til brev som Salar Bruk AS v/Agnar E Sundbotten skreiv til NVE 28.10.2008 og der dei peikar på OED si oppfatning: "Olje- og Energidepartementet synes imidlertid å legge til grunn at leidningen skulle ha vært helt tildekket, noe som i så fall beror på en feiltolking av konsesjonsvedtaket av 7 september 2001 slik vi ser det." Salar Smolt AS hevdar vidare at inntaksledningen er lagt ned i samsvar med den beskrivelse som siv.ing. Garmann har gitt i søknad om rammeløyve. **Det skulle vere allment kjent at omsøkt arbeid skal utføres etter gitt løyve og ikkje etter slik som tiltakshavar finn det for godt.** I same brev hevdast det også at samtlige grunneiere langs Rylandselva har godtatt at leidningen ligger som den ligger. **Dette er ikkje riktig da liste med underskrifter, som det vises til, berre inneheld halvparten av eigedommane langs Rylandselva.** Legg for ordens skuld ved dette brevet.

**SALAR BRUK AS HEVDAR:** "Størstedelen av leidningen som til saman måler 1200 meter ble derved liggende såpass dypt i midtålen at den ikkje var synlig frå land" og viser til at den under

gamlebrua ligger ca 90 cm under vassflata. I brev av 28.10.2008 hevdast det at *"leidningen er så vidt synlig i en lengde av ca 20-30m. under de to bruene...."*

### **LØYVE SEIER AT LEDNINGEN IKKJE SKAL VERA SYNLEG**

Agnar E. Sundbotten hevdar stadig at leidningen knapt er synlig. Vi som har godt syn veit at dette er feil og at den i høgste grad er synleg, ikkje berre under bruene slik Sundbotten hevder. **Grad av synlighet er dessutan ikkje relevant her, da gjeve løyve seier at leidninga ikkje skal vere synleg i det heile.**

**SALAR BRUK AS HEVDAR:** I brev av 28.10.2008 påstås det at *"leidningen på det høyeste punkt ligger 81 cm. under vannflaten"*


### **LEDNINGEN SKAL LIGGA MINST 1 METER UNDER VASSFLATA**

Når det gjeld kor djupt leidningen ligg viser smoltanlegget sine egne arbeidsteikningar frå 05.08.2004 at leidningen skal ligge minst 1m under vassflata alle stader. **Vi må undrast om leinga ved smoltanlegget har tatt Rylandselva tilstrekkelig i øyesyn. Nedanfor skolens gymnastikksal ligg leidningen nemleg ikkje meire enn 50 cm under vassflata.** Her var det ikkje nokon fare for utrasing og det burde vere uproblematisk å sprengje djupt nok. Motorferdsel, som Sundbotten skriv om, vil ved dette punkt vere risikabelt på grunn av fare for å ta nedi røret. Vi har hørt om badande som har skada seg på røret. Det gjer det ikkje betre at vasstanden i Rylandsvatnet over lange periodar blir halde vesentleg lågare enn kravet i gjeven konsesjon på 8,70 m.o.h. Vi har målt vasstanden heilt ned i 8,45 m.o.h. og då er det berre 25 cm avstand til leidningen.

Kommunestyret var i 1999 fornuftige nok til å be om at det betydeleg store røret ikkje skulle vere synleg. Politkarane som var på synfaring i 2007 var ikkje nøgde med arbeidet, noko som vart presisert i kommunen sitt brev til NVE hausten 2007. Det same standpunkt vert og presisert av ordførar i brev til OED i mai 2009. Det er ikkje nokon nye moment i saka som skulle gje kommunen ein grunn til å endre på sitt standpunkt slik Salar Bruk AS no bed om. Vilåret 8 i NVE sitt løyve: ***"Leidninga skal sprengast/gravast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg"*** kan ikkje mistydast og var meint for å sikra at det store røret skulle skjulast under elvebotnen.

10/8 2009

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag



Bjarte J. Skintveit  
Leiar

Vedlegg: brev av 28.10.2008 frå Salar BrukAS og Alsaker Fjordbruk AS til NVE.